# KORLEIS FUNGERAR DET REGIONALE SAMARBEIDET I HALLINGDAL?



Jan Olav, Knut Arne, Solveig

HALLINGDAL

# Sak 08-20 Regionalt samarbeid

Hallingtinget fekk ein gjennomgang av historia og kva har me fått til som region, det vart presentert ein oversikt over utvalde regionale samarbeidsområde, og tinget drøfta framtidig regionalt samarbeid generelt og helsesamarbeidet spesielt.

- Det vart ikkje fatta vedtak, men det vart gitt tydelege signal på to område:
- Hallingtinget ønskjer ei sak på neste møte som går på formalisering av samarbeidet (Ei «viljeserklæring»)
- Leiar av regionrådet går i dialog med Nesbyen og ev. andre kommunar for å sjå om det er grunnlag for å få på plass ei ny avtale om bruk av interkommunale senger ved sjukestugu. (IMA)

# Hallingdal sjukestugu er eit felles ansvar

## Hol held fram med sitt eige forliksråd

Hallingdølen TORSDAG 31. OKTOBER 2019

SYNSPUNKT

### Hol tenkjer solo

ER HOL I FERD med å bli ein solokommune? Som he... på seg og sitt, og ikkje vil vera med på interkommunale løysingar?

DEN SISTE TIDA har to saker aktualisert spørsmålet. Den eine handlar om tilsetting av ny brannsjef i Hol. Den andre om kommunane skal gå saman og etablere eit felles avløpskontor i Hall... I begge sakene er Hol...

### Brannsjefen i Hallingdal vil ha Hol med i samarbeidet

Brannsjef i Hallingdal brann- og redningsteneste, John Bjella, trur beredskapen hadde vorte endå betre med Hol på laget.

På spørsmål om det ville vore ein styrke å få med Hol, svarar Bjella eit klart ja.

– Hol har eit godt brannvesen på eit høgt nivå. Men saman kan me bli endå betre, seier Bjella.

Større fagmiljø



JA TIL HOL: Brannsjef i Hallingdal brann- og redningsteneste, John Bjella, vil gjerne ha med Hol på laget.

## – Arbeidsplassar må spreiast i dalen

Klar melding frå kommunestyret i Hol: – Det er berre rett og rimeleg at arbeidsplassane blir fordelt mellom kommunane.

MAGNUS LINDAHL
mli@hallingdolen.no

Onsdag vedtok eit samrøystes kommunestyre at det... Regionrådet for Hal...

## Klar melding frå Buøen

...å har berre ein arbeidstakar ...interkommunalt prosjekt ...lingdal.

...E LINDAHL
...gdolen.no



Tor Egil Buøen.

## Her er irritasjonen til å ta og føle på

HELSESAMARBEID

Nesbyen-politikarane sa ja til avtala om drift av dei interkommunale sengene på Hallingdal sjukestugu. Men det...

Kommunen har derfor i stor grad brukt eigne plassar på Elverhøy i staden for HSS. Det er ein av årsakene til at belegget på HSS er for lite. For at bruken av dei kommunale sengene skal gå i balanse må beleggsprosenten ligge på 82,6, det har vist seg vanskeleg å få til. Underskotet på ein...



ten, pengar og arbeidsplassar blir sende oppover dalen, påpeika han.

– Me var flinke på demensomsorg og skulle få det, sa Rune Ihle.

Ordføraren og rådmannen fekk ros for å ha gjort det dei kunne for å...

## Utblåsing i Nesbyen kommunestyre: «Luta lei av at alt hamnar i Ål»

Det er misnøye i både Flå og Nesbyen over at dei blir sveltefôra på regionale prosjekt.

ARNE OLE LINDAHL
aol@hallingdolen.no

Misnøya er ikkje ny. Men den kjem stadig til overflata. Nyleg hadde Tor Egil Buøen ei utblåsing i Flå kommunestyre, og i kommunestyret i nabokommunen Nesbyen gjekk det ei kule varmt torsdag...

– Karrer til seg
– Eg er luta lei av at alt hamnar i Ål. Før var det Gol, no er det Ål.

– Før var det Gol
– Me har ikkje noko val. Skal ein vere med i interkommunale prosjekt må alle kommunane vere samde, sa Audun Aasheim (Bygdelista).

– Dette har vore eit dilemma i alle år. I mi tid som ordførar gjekk mykje av dei interkommunale prosjekta til Gol. Men det viktigaste er at me har tilboda i Hallingdal, ikkje kor dei ligg.



Linda Støvik representerer Arbeiderpartiet i Nesbyen kommunestyre.

– Det er lov å stå utanfor, sa Frode Aaslid (Ap), og minna om at Hol ikkje er med i Hallingdal brann og redning.

– Dette er ikkje den rette saka å kjempe for, sa ordførar Tore Haraldset (Bygdelista).

– For denne stillinga er lagt til Hallinghelse. Det er andre kampar me må ta.

Mot fire stemmer støttar kommunen opprettinga av ei felles kommuneoverlegestilling. Mindretalet stemte for forslaget til Garthus. Meirkostnaden for Nesbyen kommune er 14.892 kroner.



## Vil ha felles overlege




Regionrådet for HALLINGDAL

# FORMÅL

1. Regionrådet skal vera eit samarbeids- og interesseorgan
    a. I forhold til kommunane (off.), interkommunale samarbeid
    b. I forhold til den geografiske kommune (næringsliv, frivilligheit….), eller regionen
2. Rådet skal arbeide for å utvikle regionen med særleg vekt på nokre prioriterte satsingsområde (både pkt. 1 og 3)
3. Rådet skal ta vare på interessene til regionen overfor fylke, stat og andre organ på region-, fylke- og riksplan




Regionrådet for
HALLINGDAL




Regionrådet for
HALLINGDAL

VESTRE VIKEN

VIKEN
FYLKESKOMMUNE

Statsforvaltaren i Oslo og Viken

DET KONGELIGE
DEPNAVN DEPARTEMENT

STORTINGET

NORGES DOMSTOLER

Statens vegvesen

BANE NOR

nav

Helsedirektoratet

Miljø-
direktoratet

POLITIET

Arbeidstilsynet

Mattilsynet

Regionrådet for
HALLINGDAL

Hallingdal kraftnett

Regionrådet for HALLINGDAL

Biblioteka i HALLINGDAL

HR

Ikt HALLINGDAL

Næringsforum HALLINGDAL

HALLINGDAL BARNEVERNTENESTE

Hallinghelse HALLINGDAL

HUR HALLINGDAL UNGDOMSRÅD

Vinn HALLINGDAL

Vassområde HALLINGDAL

YRKESMESSA HALLINGDAL

HALLINGDAL BRANN- OG REDNINGSTENESTE IKS

Hallingdal Etablerersenter




Regionrådet for HALLINGDAL




Regionrådet for HALLINGDAL



# KVA GJER ME/KAN ME GJERA NOKO MED

Regionrådet for HALLINGDAL

# – Rå dag i fylkestinget

■ Fagskule på Geilo ■ Ny Austvoll bru ■ Fast årleg million til Hallingbussen

Det vart ein bra dag for Hallingdal i Buskerud fylkesting torsdag. Då sikra fylkespolitikarane pengar til tre viktige tiltak.

MAGNUS LINDAHL
mli@hallingdolen.no

■ Norsk Reiselivsfagskole på Geilo får seks millionar kroner.
■ Det er sett av 60 millionar til ny Austvoll bru.
■ Hallingbussen er sikra 1 million årleg.

**Mange forsøk**

– Det er rått. Her blir det trøkk, seier dagleg leiar i Visit Geilo og adm. direktør på Vestlia Resort, Roger Espeli.



**ENTUSIASTISK:** Dagleg leiar i Visit Geilo og adm. direktør på Vestlia Resort, Roger Espeli, jublar etter at Buskerud fylkeskommune har løyva seks millionar kroner til fagskulen for reiseliv.




# DET VANSKELEGASTE Å GJERA NOKO MED?

Regionrådet for
HALLINGDAL

# DETTE FEKK DEI TIL






HALLINGDAL

# DETTE FEKK DEI TIL



# DETTE FEKK ME TIL



*Sentraliser det du må,*
*desentraliser det du kan.*

- Somatisk døgnavdeling
  - 10 sjukehussenger
  - 10 interkommunale
- Somatisk dagbehandling
  - dialyse 1100 beh, 6 mask.
  - lindrande beh./onkologi
- Somatisk poliklinikk, 5000 kons.
  14 fagområde
- Røntgenavdeling (5000 beh)
- CT: 1000 beh.
- Blodtappestasjon
- Psykiatrisk poliklinikk og dagbehandling
- Luftambulansebase
- Bakkeambulanse

HALLINGDAL

# DETTE FEKK ME TIL



**Glade vandrarar:** Om dei ikkje marsjerte heilt i takt, så var det samstemt jubel i ordførarkollegiet då dei fekk gladmeldinga om Sokna-Ørgenvika. F.v. regionrådsleiar Knut Arne Gurigard, Olaug Grønseth Granli (Gol), Tor Egil Buøen (Flå), varaordførar Ivar Brevik (Ål), Oddvar Grøthe (Hemsedal, Gerd Eli Berge (Nes) og Erik Kaupang (Hol). (Foto: Sigmund Kravel-Velle)

## Endeleg kunne ordførarane juble

■ Fekk gladmeldinga i regionrådsmøte fredag ■ Regjeringa vil bygge Sokna-Ørgenvika




27. JUNI 2014

31.10.2015

# Vil ha felles retts-stad på Nesbyen

■ Regionrådet med samla tilråding til Domstoladministrasjonen

Hallingdal tingrett er truga. No satsar Hallingdal alt på eitt kort med Nesbyen som felles rettsstad.



MAGNUS LINDAHL
mli@hallingdolen.no

Onsdag ettermiddag vedtok Regionrådet for Hallingdal å støtte etablering av felles retts-senter i Nesbyen.

– Det er viktig at me står samla. Me har vorte utfordra. No har me svart som eitt re-gionråd, seier ordførar i Gol, Heidi Granli (Ap).

# DETTE FEKK ME TIL




HALLINGDAL

# DETTE FEKK ME TIL

Søk her Studieplan FAQ Studielivet Opptakskrav Bransjeprogram Om fagskolen Kontakt oss





Flå-ordførar Tor Egil Buøen har grunn til å glede seg. For endeleg blir det ny bru. Foto: Egil Blomsø

# Gladmelding til Flå: Bygger Austvoll bru

Regionrådet for HALLINGDAL

# DETTE FEKK ME TIL

DETTE FEKK ME TIL



Hallingdølen

Grunnlagt 1936

LAURDAG 7. november 2020 Nr. 130 | Veke 45 | 82. årgang | Laussal kr 30

**Leiar:** *Viss det blir konsekvensen, er dette ikkje noko anna enn eit politisk narrespel av verste slag.*

**Kva skjer med brua i Hemsedal?**
NYHEITER SIDE 14-15

**Ber hyttefolket handle i Hallingdal**
NYHEITER SIDE 12

**Dansken som vart lokalpatriot**
SIGNATUREN SIDE 20-21

# Jublar for DEFA-eventyr

# DETTE FÅR ME TIL




Regionrådet for
HALLINGDAL

# DETTE FÅR ME TIL




Regionrådet for
HALLINGDAL




Regionrådet for HALLINGDAL



Nortura
bondens selskap

# DETTE PRØVER ME Å FÅ TIL!

Hallingdølen
21.10.2021

# Protan-optimisme

**Protan-fabrikkens framtid i Nesbyen er ikkje avgjort.**

ARNE OLE LINDAHL
aol@hallingdolen.no

Men konsernsjef Erik Øyno lettar litt på sløret: – Det er ein viss optimisme, seier han.

Det var styremøte i Protan AS måndag. Tysdag stilte Øyno opp på fabrikken i Nesbyen og orienterte dei tilsette. Bodskapen var at styret ikkje fatta noko vedtak om framtida til fabrikken.

Det er stort engasjement lokalt for å bidra til at Protan ikkje legg ned i Nesbyen, der bedrifta har halde til i 50 år.

– Regionrådet for Hallingdal, Nesbyen kommune og dei tilsette har vore kreative. Me har ein god dialog med alle saman. Dei har kome med gode innspel, seier Øyno.

*– Når blir det teke ei endeleg avgjerd?*

– Denne vil bli teken om ikkje så lenge. Me ønskjer å vurdere eit par alternativ først, og er i tenkeboksen for å sjå om det er rom for fabrikken i Nesbyen. Men det eg kan seie er at kompleksiteten ved å avvikle er større enn me først trudde. Det er mykje god kunnskap på fabrikken. Me opplever også mykje godt hallingengasjement, seier Erik Øyno.



# DETTE FEKK ME IKKJE TIL




Regionrådet for
HALLINGDAL

# Refleksjon?

- Det kan sjå ut som nye samarbeidstiltak (små og store) mellom dei off. kommunane ofte har ein trong fødsel, m.a. ut frå ei skeivfordeling av lokalisering av kontorstad
- Det kan sjå ut som om det er lettare å få til kraftfulle tiltak for Hallingdal der det er eit samarbeid i den geografiske kommune/region.
- Det kan sjå ut som det er lettare å få til kraftfulle tiltak for Hallingdal der det blir arbeid mot sentrale styresmakter

**Retoriske spørsmål**

1. Får lokalisering av interkommunale arbeidsplassar for stor merksemd i forhold effekt, samanlikna med t.d. realisering av viktige infrastrukturtiltak, arbeidet for å sikre og etablere nye arbeidsplassar, ……?
2. Bør nye arbeidsplassar uavhengig interkommunal, statleg, privat vektast likt, der regionen har vore ein viktig aktør for etablering?
3. Har lokaliseringsdebattane vorte ein hemsko for ei heilt naudsynt utvikling av det interkommunale samarbeidet?
4. Bør kommunane i Hallingdal laga ei pakke med nye interkommunale samarbeid, der det blir ei funksjondeling i forhold til dei kommunane som i liten grad har teke del i nye arbeidsplassar, med bakgrunn i Regionrådet sitt arbeid?
5. Er det i for stor grad fokus på arbeidsstad framfor tilrettelegging gode buforhold?


DET ER
FOLKA
SOM TELLER
HALLINGDAL
Regionrådet for
HALLINGDAL

# Føresetnader

- Eit frivillig samarbeid
- Tufta på konsensus
- Partipolitisk (nesten) uavhengig

- Regionen i fokus (Hallingdalspolitikar)
- «Helikopterblikk»

Regionrådet for HALLINGDAL

# KORLEIS ARBEIDER REGIONRÅDET (forenkla)




Regionrådet for HALLINGDAL



# PÅSTAND

- Kommunane i Hallingdal er gjensidig avhengig av kvarandre.
- I mange samanhengar er me ikkje sterkare enn det svakaste leddet
- Meir enn nokon gong er Hallingdal avhengig av å stå saman, for å sikre positiv regional utvikling



# Korleis lykkast?

- Hallingdal er ein bu- og arbeidsmarknadsregion med felles identitet
- Felles forståing for utfordringar og moglegheiter
- Fagleg, kunnskapsbasert tilnærming
- Spelereglar - viljeserklæring
- Langsiktigheit, ikkje valperiodar
- Profilering, marknadsføring, informasjon
- Ei felles historie – som må repeterast:

Ordførar, rådmann/kommunedirektør og folkevalte med lang fartstid må **fortelja, forklare og forsvare**.

Regionrådet for HALLINGDAL

# Korleis lykkast, forts….?

**Respekt for kommunal sjølvråderett:**

- Samarbeide om det kommunane meiner tener dei sjølve og regionen.
- Dei som blir med, gjer det fordi dei ser verdien både økonomisk og fagleg.
- Samarbeid mellom kommunar som *vil* ha felles opplegg, to eller fleire.
- Kommunane må *over tid* oppleva at ein får meir att gjennom samarbeid enn om ein står åleine.

# Korleis lykkast, forts….?

- Fokusere på det ein kan og vil samarbeide om, ikkje alt ein kunne ynskje seg. Drikke av «halvfulle glas»!
- Unngå frustrasjon over det ein ikkje får til å samarbeide om.
- Vera overberande og rause.
- Unne andre oppturar, suksess og vekst. (Det er bra for Ål at det går bra med Gol)

- Prioritere Hallingtinget
- Ta initiativ til å utvikle fagsamarbeid regionalt på fagfelt der kommunen har god kompetanse og nok ressursar.

Regionrådet for HALLINGDAL

# Utfordring

Korleis forklare at Hallingdal klarer seg bra utan å ha dei ”rette” føresetnadane?
Gjennom åra har me fyrst og fremst forsøkt å stimulere ved hjelp av tekniske, økonomiske og politiske verkemiddel.
Det som etter kvart blir meir tydeleg er at lokal og regional utvikling også er ein sosial prosess.

Er det slik at velutvikla evner blant menneske til å samarbeide og gjera saker annleis og betre, kan kompensere kommunar eller regionar med dårlegare føresetnader ?

# Utfordring forts.

Tru på at vår evne til samhandling kan påverke eigen stad eller regionen si utvikling – meir enn me er klar over, eller vil innsjå.

Prioritere Hallingdal:

- Bli kjent, bruke tid saman og møtast gjennom meir «uformelle» møteplassar, for:

Verdien av godt samspel, felles bodskap og gode kollegaer på tvers kan ikkje målast i peng. Det kan bygge felles identitet for Hallingdal. Eg tør påstå at det er lettare for oss enn mange andre!

# 10 grunnar til at regionale samarbeid lykkast

*Det er ingen snarvegar til å lykkast med regionalt samarbeid. Det må vera noko meir enn fagre ord og festtalar.*
*Desse 10 tesene om regionalt samarbeid er basert på forskning og erfaringsinnhenting fra 4 år med* [*Byregionprogrammet*]

1. Utan tillit mellom sentrale aktørar blir samarbeidet ein tidstjuv
2. Leiarar må ha evne og vilje til å utnytte heile regionen sitt potensiale
3. Reell forankring kan ikkje vedtakast
4. Regionalt samarbeid krev semje om felles utfordringar
5. Ulik målforståing bryt ned samarbeid
6. For å nå måla må alle viktige aktørar vera med på laget
7. For å få med partane, må de synleggjera at det er nyttig for dei
8. Ein regional strategisk plan skapar ikkje vekstkraft i seg sjølv
9. Regionen må ha evne til raskt å utnytte moglegheiter som dukkar opp undervegs
10. Samarbeid utan begeistring og entusiasme gir sjeldan resultat

Regionrådet for HALLINGDAL

Difor kan kvar enkelt av oss  bidra til suksess,
eller bremse framgang, gjennom haldning,
framferd og skriftlege/munnlege ytringar
Så brutalt og så enkelt er det!

DET ER
FOLKA
SOM TELLER

HALLINGDAL

HALLINGDAL

Regionrådet for
HALLINGDAL

**KONTROLLBASERT**
**Eit sandpåstrøyingsorgan for kommunane i Hallingdal**

**TILLITSBASERT**
**Eit kraftfullt samarbeidsorgan for Hallingdal**

# Råd til Regionrådet

- Tenk fyrst Hallingdal
- Lyft blikket høgt over kommunegrensene
- Tenk langsiktig og gje plass til store tankar
- Dyrk samarbeidet, vær raus med kvarande
- Skap tillit
- Hugs, de har ansvaret for det viktigaste samarbeidsorganet for Hallingdal
- Det er folka som tel
- Gje dagleg leiar handlingsrom

*Frå Knut Arne*
*avtroppande dagleg leiar (2020)*



# TILLIT OG RAUSHEIT

HALLINGDAL